

Radio Folgefond  
Postboks 451  
5750 Odda

Medietilsynet  
Nygata 4  
1607 Fredrikstad

Uttale frå Radio Folgefond:

Me viser til Medietilsynets utgreiing rundt bruk av Riksblokk II for regional- og lokalradio.

A-Media AS og Radio Sunnhordland AS har samarbeidd om å etablera DAB-dekning for oss i Hardanger i 2018. Dette er noko me ikke kunne fått til på eiga hand. Utan deira hjelp ville radioen vorte lagd ned saman med FM-nedstenginga i slutten av 2021.

Me har korkje kompetansen eller økonomien til å gjera dei investeringane som er nødvendige eller å dekkja driftskostnader med eit slikt sendarnett.

Med konkurransesituasjonen digitale og sosiale medium no utgjer, har radioane også tapt store deler av annonseinntektene. Økonomien er derfor svært krevjande. Me får tilbakemeldingar frå andre radioar om at dei opplever den samme negative utviklinga.

Initiativet til A-Media AS og Radio Sunnhordland AS byggjer på eit samarbeid med dei større regionale radioane som sender på Riksblokk II. På den måten blir det langt fleire radioar med i spleiselaget for etableringen av DAB i Hardanger.

Me har no dekning i både Odda og Røldal (3 sendarar) for berre 500 kroner per månad. Andre radioar me har hatt kontakt med, opplyser at dei betaler rundt 10.000 kroner i månaden for anlegg med 2 sendarar.

I samarbeidet med A-Media AS og Radio Sunnhordland AS har me også fått høve til eit større bingosamarbeid, utvikling av ei ny nyhendetene med stort inntektpotensial, samt tilgang til moderne teknologi som i vesentlig grad vil bidra til digitaliseringa av Radio Folgefond.

Samarbeidet mellom aktørane på Riksblokk II og Lokalblokkene vil etter vår mening vera heilt avgjerande for at dei små ressurssvake lokalradioane skal kunne overleva i framtida.

Odda 01.03.19

Med beste helsing

Knut O. Dale  
Styreleiar og dagleg leiar i Radio Folgefond